



NSG
Norsk Sau og Geit

Referat

Årsmøte Sogn og Fjordane Sau og Geit

Tidspunkt: 26. Februar 2016

Stad: Skei Hotell, Jølster

Tal møtte med røystrett: 37

Representantar frå lokallag: 26 Lokallag representert med stemmerett

Representantar frå styret: 5 + 1 møteleiar

Innleiarar: 0

Valnemnd: 3

Gjester/Andre: 17

Ordførar i Askvoll, **Frida Melvær** opna: Askvoll er ein betydeleg landbrukskommune. Sjølv er ho oppvaksen på gard på øya Melværen. Før hadde ein mange små bruk med både landbruk og fiske. No spesialiserer fleire seg på berre landbruk og berre fiske. Det er same trenden i Askvoll som andre kommunar med ei utvikling med større og færre einingar og at ein tek i bruk ny teknologi. Mjølkeprod. står for 25% av verdiskapinga i kommunen, og sau 7,5 %. Jordbruksarealet er stabilt, medan tal bruk har gått dramatisk ned. Sauetalet er over halvert sidan 1992, medan mjølkeproduksjonen er oppretthalden. Tiltaksplan for landbruket i Askvoll 2015-2018. Viktig å fornya driftsapparatet gjennom fornying av driftsbygningar. Målsetting å auke sauetalet som er ein del av skjøtselen av kulturlandskapet. Har sett inn ca 500 villsau som virkar godt. Har sett som mål å få til 3-4 nye driftsbygningar i året. Mange driv med sau fordi det er kjekt med sau, godt sauemiljø. Men slit med dårlegare beiter, lågare vekter i kystbeita. Villsau på Værlandet (Hilde Buer og Anders Braanaas). Utfordringar med koboltmangel, konflikter i høve gjerdeplikt, bandtvang og allemannsretten. Utfordringar med mykje flått, rome, flugemakk, mykje ørn. «Er oppvaksen med fyrstikker i lomma». Brannvesenet ikkje like begeistra. Men! Det vert fantastisk fint. «Sau er kanskje noko vi syns er meir kjekt å ha enn verdt å ha». Har også «after sinking» der ein samlast på puben etterpå.

Sakliste :

- 1. Namneoppopp og konstituering.** Odd-Jarle Øvreås innleie årsmøtet og snakka blant anna om å få ro i organisasjonen og om det å bære nag til kvarandre for hendingar i SFSG osv. Det vart etter dette gått i gjennom og kryssa av i deltakarlista.

2. **Godkjenning innkalling, sakliste og forretningsorden.** Vidar Sandal etterlyser at arbeidsplan burde vore sendt ut tidlegare, og at ein bør sende ut innstilling frå valnemnda.

Ragnhild Sæle kommenterte at ein kunne sendt ut arbeidsplana tidlegare om ein hadde sett denne opp tidlegare, det er sjølvstakt beklageleg og bør takast til etterretning. Styret bør også gi valnemnda beskjed med å komme med innstillinga før årsmøtet om dette let seg gjære.

Møteleiarar: Geir Ole Ervik og Johannes Gunvordal

3. **Velje 2 representantar saman med møteleiaren til å skrive under møteprotokollen:** Mirjam Friberg og Håvard Øyrehagen.

Teljekorps: Svante Hovland, Ronald Håland, Per Henjum

Redaksjonsnemnd: Odd-Jarle Øvreås, Vidar Sandal, Eli Berge Ness

4. **Leiaren har ordet:** Ragnhild Sæle las opp leiaren si tale der ho tok føre seg aktiviteten og utfordringane som har vore i året som har gått.

Vidar Heggheim: Kommenterte at ulven vart skoten på grunneigar utan avtale, og sa det er tydeleg at fylkesleiaren i Sogn og Fjordane Sau og Geit ikkje har evne til å respektere grunneigarrettigheter.

Per Ravndal: Orienterte kort kva som faktisk skjedde under ulvejakta. 18.nov starta jakta etter at det vart funne drepne dyr. Åtejakt 19.nov utan resultat. Per las vidare opp logg for ulvejakta dag for dag. Etter ulven var skoten: Odd Arne Hamre og Kjell Lyngstad dobbeltsjekka og vart forsikra om at alt skulle vere formelt i orden både før og etter jakta. SNO gav ros for den gode jakta og at alt var organisert riktig. Og presiserte at Sogn og Fjordane Sau og Geit ikkje har hatt noko eige jaktlag.

Magnar Espeland: Det stemmer at Odd Arne Hamre spurde om lov til å sjå etter ulvespor. Men vi fekk ikkje høyre meir før ulven var skoten.

Mirjam Friberg: Reagerer kraftig på at leiar bruker ein tale til årsmøte for å forsvare seg sjølv og henger ut enkelte lokallag. Ein leiar skal motivere og skape ro i ein organisasjon.

Ragnhild Sæle: Svarte at ho ikkje kan reise rundt og snakke med alle medlemmer og lokallag.

Mirjam Friberg: Sjølvstakt skal ein leiar gå ut og snakke med medlemmer og lokallag.

Erling Offerdal: Seier at no er det behov for å lage ro i Fylkeslaget. Slik det har vore dei siste åra er ingen tente med. Ro har det ikkje vore i Fylkeslaget sidan 2010, dette må vi få roa ned att. Dette er beklageleg, og det er mange utfordringar å ta tak i. Håpar fokuset vert å sjå framover.

Jan Kåre Ravnøy: Har klump i magen når eit gjetarhundlag får slik kritikk. Ulvesaka har også tatt heilt av.

Kjell Olav Kusslid: Gjev ros til Ragnhild for klar og tydeleg tale. Er oppteken av kva bilde sauenevinga gjev når det blir så mange syn på jakta. Er dei 160 sauene som vart tapt ubetydelege!! Kva gjer vi då neste gong det kjem rovdyr?

Vidar Heggheim: Er einig i mykje av det som er sagt av Kusslid, men 2 jegrar kan ikkje kallast fellingsleiarar.

Arne Sølvsberg: Kommenterte at det er fylkeslaget som skal stå som søker til gjetarhundprøve (Landsprøve og evt NM).

Ragnhild svarer: Gjetarhundkritikk i årsmeldinga: Dette var einaste måten eg kunne seie kva eg er misfornøgd med på det som er gjort i gjetarhundmiljøet. Når det gjeld ulven, så har eg laga logg dag for dag for heile ulvejakta. Vi i styret i Sogn og Fjordane Sau og Geit er blitt trua med at all korrespondanse om ulvejakta kan bli offentleggjort. Dette kan eg ikkje finne meg i, her ligg mange usanne påstandar. Det eg har skrive i bladet Sau og Geit er skrive som mi oppleving av ulvejakta.

Mirjam: Sjølv sagt skal du snakke med lokallaga, og ikkje henge ut nokon i ei årsmelding.

5. Handsame Årsmelding for 2015

Vidar Sandal, Breim sau og geit vil gi ros for at det har vorte jobba med mykje bra gjennom året, særleg på geit. Dårlig representasjon med 15 av 48 lokallag på leiarsamlinga. Sogn og Fjordane bør bli flinkare til å sette ting på dagsorden i media. Pressemeldingar i media om aktuelle saker i næringa, vere på hogget og fronte næringa.

Erling Offerdal: Støttar Vidar Sandal. Særskilt burde Fylkeslaget fronta lammetilskotet meir.

Håvard Øyrehagen: Viktig at Fylkesstyret tek kontakt med lokallaga slik at dei sender representantar til fylkesårsmøtet.

Arne Sølvsberg: Kommenterte også at det er viktig å vere synlege i media. Når det gjeld årsmeldinga, burde ein redigert dette til fleire dokument. No er det ei god blanding med årsmelding, regneskap og julehelsingar frå i fjor osv.

Ragnhild Sæle: Skal vere den første til innrømme at det vart gjort ein betre jobb i 2014. Ein av årsakene har vore at det har vore eit tøft år og mindre tid til å vere nok aktive ute.

Mirjam Friberg: Før vi godkjenner årsmeldinga til styret for 2015, lurar eg på om også undergruppene skal godkjennast samla, i såfall må vi kanskje skifte namn på framsida til den opptrykte årsmeldinga.

Vedtak: Årsmeldinga frå styret vart godkjent

Årsmelding frå Nemndene

Gjetarhund, kommentarar:

Arne Sølvsberg kommenterte at det er Fylkeslaget som skal stå som søker til gjetarhundprøve. Kommenterer at det ikkje er nødvendig å skrive om uro i gjetarhundnemnda som eigentleg starta i 2014. Dette må vi no legge bak oss.

Ragnhild Sæle: Vi er på rett veg, men vi har eit ansvar i å snakke fram miljøet uttad. Vi har diverre fått eit litt dårleg rykte på oss.

Avlsutvalet

Vidar Heggheim: Dårleg å få slike uttaler i media som professor Bakken kom ut med om dyrevelferd osv. Korleis verkar lammetal, auka beitetilskot osv. inn på dyrevelferda. Ynskjer at sauenevinga tek tak i dette slik at dette vert forsvart.

Eli Berge Ness: Kommenterer det med store utfordringar med å få dommarkabalen til å gå i hop. meiner dette er problem i veka også. Oppfordrar til rekruttering av kåringsdommarar.

Kåre Rudningen, Lærdal: Synest ein må spisse litt meir på avlsmåla. Det vert vingla for mykje i fleire retningar. Vi treng ikkje vere professor for å skjønne at lammetal er problem for dyreetikken i næringa.

Jan Kåre Ravnøy: Må prøve å halde på helgekåringar.

Lars Nesse støttar også dette med helgekåring, miljøskapande. Dommarkabal som skal gå opp.

Vidar Sandal: Trur at ein må sjå litt på samanslåing i større kåringsssjå, som til dømes i hallar som vi blant anna gjer på Breim. Kanskje premiere dei laga som lagar kårings meir miljøskapande.

Peter Kåre Igelkjøn: Etterlyser meir om bruk av media og få fram sensasjonar som når ein får fram slike saker i media.

Geitegruppa, kommentarar

Lars Nesse: Kommenterte at det brukar å vere med meir om geitekontrollen i årsmeldinga.

Mirjam Friberg: Saknar meir om kystgeit, ammegeit.

6. Handsame rekneskap og revisjonsmelding for 2015

Rekneskapen for 2015 synte eit overskot på kr 144 854. Styrets forslag er at dette overskotet vert lagt til fri eigenkapital. Sum eigenkapital pr 31.12.2015 vert då kr 646 518.

Vidar Sandal: Likar slike tal, men etterlyser at ein brukar meir på aktivitet i lokallaga.

Lars Nesse: Bør bruke noko i Budsjett for 2016.

Mirjam Friberg: Etterspør og korleis fonda vert disponerte. Jo Risløv forklarte.

Kjell Olav Kusslid: Kjem med framlegg at ein brukar av jervekontoen til å dekke bota til ulvejegerane. Med bakgrunn i at det kan verke urettferdig at ein skal måtte betale for å attpåtil legge ned mykje tid på jakta.

Vidar Sandal støttar dette.

Vidar Heggheim: Dette er ikkje ei bot, men ein frivillig sum for ulveskinnet. Desse 10 000 kr har jeger betalt til grunneigar, som igjen er betalt inn til lokallaget i Naustdal.

Dette er så uklart, at dette forslaget legg vi bort.

Vedtak: Rekneskapen er revidert og samrøystes godkjent

7. Handsame arbeidsplan for 2016

Styremøte etter behov
Jordbrukstingingane 2017
Regionale møte/leiarsamling. Okt/nov
Geitehøg i slutten av november
Småfesamling i januar 2017
Rovvilt /Beiteutfordringar
Ferdigstilling av filmen om «geitehald i gamle dagar»
Medlemsverving
Opplæring i organisasjonsarbeid i alle ledd

Kommentarar til Arbeidsplana

Kva med fjellturar? Svar: Skal vi pålegge lokallaga aktivitetar må vi sjølve også stille. Dette er noko lokallaga må prøve å vere pådrivarar på. Det er også viktig å stille på lokallagsleiarsamlingar og tillitsvalde kurs. Lokallaga kan søkje fylkeslaget om midlar til aktivitet.

Ragnhild Sæle: Rogaland Sau og geit kjem på tur til Jølster første helga i august. Dette kan ein vite om når ein skal arrangere turar, osv, slik at dette ikkje kolliderer.

Arne Sjølvberg: Må ha ein strategi for medlemsverving, evt samanslåing av fleire små lag.

Ragnhild Sæle: Denne prosessen er allereie i gong i fleire delar av fylket.

Vidar Sandal: Nordfjord sau og geit, kva syns de om den? !! Medlemsverving er viktig å ha fokus på.

Jon Nummedal: Meiner sau og geit bør engasjere seg politisk i høve overproduksjon, salg osv

Håvard Øyrehagen: Ein bør prøve å få til fleire klippekurs

Lars Nesse: Rovdyr har ein fokus på, og jobbar med inn mot forvaltninga

Vedtak: Arbeidsplanen vart samrøystes godkjent

8. Innkomne saker. (Ingen innkomne saker)

Anders Felde, Bondelaget: Takka for invitasjon og seier at vi er avhengige av at nokon står i bresjen som tillitsvalde og dreg lasset. Beite i utmark er frykteleg viktig framover.

Føreslær å legge 200 kr av lammetilskotet til utmarksbeitetilskot. Omkamp om lammetilskotet, Nei !!! Dette skal vere eit tydeleg signal på kvar sauekjøtet vert produsert. Nemleg i utmarka.

Geit. Her bør Bondelaget og produsentane gjere ein innsats på å etterspørje meir geitost og kjekjøtt i butikkane.

Om ein skal vere heiltids- eller deltidsbonde får kvar enkelt ta stilling til. Men vi må ha investeringsmidlar til å fornye driftsapparatet med.

Magnar Juklestad, Småbrukarlaget: Kommenterte ulvejakta slik den hadde føregått, ikkje bra. Dette må kunne gjerast betre, tenkjer spesielt på slik dokumentasjonen vert kravd før ei evt. jakt. Nemner tap på beite av havørn og kongørn. Var også inne på sentrale punkt i innspel til Jordbruksforhandlingar.

9. Val etter vedtektene. Åse Leirgulen las opp innstillinga frå Valnemnda

Styre for 2016 vert slik:

Ragnhild Sæle, Jølster Leiar På val **Attval** (27 mot 10 på Gunn)

(Forslag om Gunn Sande, Selje som motkandidat)

Ingunn Reme, Innvik **Ikkje på val**

Jo Risløv Vik i Sogn. På val **Attval** (35 mot 2 blanke)

Odd-Jarle Øvreås, Holmedal. På val **Attval** (36 mot 1 blanke)

Lars Nesse, Lærdal Nestleiar. **Attval som nestleiar** (30 mot 7 blanke)

Varamedlemmar

- 1) Vidar Sandal, Breim **Attval**
- 2) Margrethe Garlid, Stryn **Attval**
- 3) Jostein Flatland, Sogndal **Attval**

Revisorar:

Ove Årdal, Jølster **Attval**

Inge Erikstad, Jølster **Attval**

Vararevisorar:

Magnar Juklestad, Jølster **Attval**

Jon Helge Sandal, Jølster **Attval**

Møtleiar for 2017: Geir Ole Ervik, Selje **Attval**

Vara: Johannes Gunvordal, Sogndal **Attval**

Framlegg til nye godtgjersler:

Godtgjersle til leiar	kr 13000
Godtgjersle til sekretær	kr 7000
Møtegodtgjersle pr.møte	kr 1300 (opp 300)
Telefongodtgjersle til leiar	kr 1000
Telefongodtgjersle til sekretær	kr 500
Telefongodtgjersle til styremedlem	kr 500
Køyre-og passasjergodtgjersle etter statens regulativ	

Valnemnda sine forslag til satsar vart samrøystes vedteke

Valnemnd for 2017

Marit Henjum Halsnes (Vald for 1 år) **Leiar**
Jakob Andre Sandal (Vald for 2 år)
Svein Helge Hovstad (Vald for 3 år) **Ny**

Vara til Valnemnda for 2017

Linda Alsaker **Attval**
Sigurd Vikesland **Attval**

Håvard Øyrehagen, Forslag: Å kalle inn 1.vara fast til styremøta

Vedtak: Årsmøtet vedtok at 1.vara til styret skal innkallast til styremøta

10. Handsame og vedta budsjett for 2016

Jo Risløv gjekk i gjennom budsjettet som synte eit underskot på kr 29 000,-.

Vidar Sandal føreslår å opprette aktive lokallagsmidlar med kr 30 000,- som fylkeslaget fordeler etter søknadar.

Årsmøtet vedtok å budsjettere med midlar til aktive lokallag. Dermed kjem budsjettet ut med kr 59 000 i underskot for 2016

Vedtak: Budsjettet samrøystes vedteke.

Johannes Nedrebo
Referent

Håvard Øyrehagen
Sign

Mirjam Friberg
Sign

Gaur Ole Ervik